



All laus elvastein skal fjernast. Her vert den eine kortsida planert og stelt til. F.v: Svein Rimestad, Bjarne Lilleaas, Knut Steinsletten, Ove Magne Myhre og Pål Haugland (i traktoren).

Vi har knapt vore med på kor snøgt det kan gå frå ide til handling. Den nye dugnadsgruppa i Uskedalen var samla til drøfting måndag kveld. Alt same kvelden hadde gruppa synfaring på naudsynte arbeidsoppgåver kring Kunstgrasbanen. I går, torsdag, var arbeidet i gang med sju spreke menn med rive, grafse, spade, motorsag og traktor. Fire timars arbeid førte til gode resultat.

Det fyrste oppdraget er å ta bort elvasteinen som delvis ligg rund banen mellom matta og asfaltert flate. Steinen er for liten og fungerer ikkje slik det var tenkt. Rullesteinen vert erstatta med grus blanda med mold. Flata vert sådd til. Alt i dag er steinen på kortsida fjerna.

Det neste er langsida mot barnehagen. Her vil ein bruka meir maskinhjelp. Skåningen frå plassen der leikeapparata står og opp til neste flate med treningsapparata er vanskeleg å halda. Ein forstøtningsmur vil flata ut terrenget noko.

Målet er elles å laga ein asfaltert bane rundt heile anlegget, tenkt brukt for rulleski.

Buskar og kratt er rydda i nedre hjørne på banen ved grinda til turvegen rundt Neset.

Torsdagen er den faste arbeidsdagen i Dugnadsgruppa. Frammøte er kl. 09.30 i sentrum.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Steinar Kroka og Lars Myklebust skjer vekk buskar og ryddar kratt.